

● 500 tok turen:

Gull for Gullroten-festivale

– Vi må møtast på slike stadar som her. La vi møtast, la vi prate med kvarandre, trøyste kvarandre, le, ha det moro og oppleve noko i lag, innleia ein av dei to motorane i kulturfestivalen Gullroten, Dag Indrebø i velkomsttala si.

Det vart akkurat det dei gjorde, dei 500 som hadde funne vegen til festplassen «Mesopotamia» – landet mellom elvane i Oldedalen. Ein einestående kveld der den eine overraskinga avløyste den andre frå scena. Og publikum sin applaus ville ingen ende ta etter ein kveld utanom det vanlege.

Dei to motorane, Dag Asle Mykløen og Dag Indrebø, kan no slappe av og gle seg over at alt gjekk fint sjølv om det vart ein hard kamp mot væta denne gongen. Dette var fjerde kulturfestivalen som vart arrangert i Oldedalen. Ein makelaus dugnadsinnsats på alle nivå har gjort dette mogeleg.

«Du er vel nok»

Gjennomgongstemaet på denne festivalen var at «Du er vel nok».

– Vi må våge å by på oss sjølve slik som vi er, for vi kan alle bidra med noko i fellesskapet. Slik har vi tenkt for å få til dette. Alle har noko å gjie. Eg skal synge ein song, han e'kje so fine, men eg ha laga den sjølv, sa Indrebø. Ikkje visste vi at der budde ein rockar i NRK-fotografen Indrebø. Oldedølene ordnar det meste sjølve. Eige band, eigne solistar og ein eigen (nesten) filmskapar og filmregissør av verdsklasse.

Høg kvalitet

Oldedalsjenta Lina Kvamme Gjertsen skal vi merke oss. Flott stemme. Ho tolka Eva Weel Skram sin «Om du vil» veldig bra. Frå sidelinja kom Arild Hafsås inn med munnspelet sitt. I koronatida var alle sosiale samankomstar nedstengde. Men Hafsås fann ut at han skulle ta med seg munnspelet sitt å reise opp i Oldedalen for å



FESTSTEMT PUBLIKUM: Mange fann vegen til Gullroten-festivalen og festplassen «Mesopotamia» i Oldedalen.

lage utandørs juletefest.

– Tykkjer du at du spela godt på munnspelet, spør Indrebø. – Ja, eg tykkjer det, eg er vel nok, repliserte Hafsås, til latter og applaus. Han har engasjert seg i Mental Helse og organisasjonen Leve.

Den største overraskinga denne kvelden var Hildegunn Muri. Oldenjenta song Etta James sin «At Least» som om ho ikkje hadde gjort noko anna. Veninna Julie

Ringstad gjorde ein flott jobb på tangentane.

Grillmeistrane Arne Sandnes, Jarle Skåre og Rolf Arne Beinnes med fleire hjelparar var klar med maten. Dei hadde helde på heile dagen med å heilgrille tre griser. Dei greidde å mette femhundre personar.

Storfilm frå Oldedalen

– Pappa er ein vandringsmann, sa

filmskaparen Margreth Olin då ho fekk ordet. – Han har gått i fjellet sidan han var liten gut i Oldedalen. Difor er han ein sentral person i filmen min som hittil blir den beste og den største eg har laga, sa ho.

Det blir ikkje ein tradisjonell naturfilm, heller ikkje ein film om naturkatastrofer. Filmene hennar skal bli eit kjærleiksdikt til naturen som vi omgjev oss med. Og kam-

pen mellom natur og menneske. Naturen vil vinne. Det blir ein sterk film. Publikum fekk sjå traileren som ho viste rundt om i Europa for finansiere prosjektet.

– Eg trur det er pappa som guide og nedsmeltinga som er grunnen til at vi fekk finansiert den, sa ho. Det vart tid til ein prat med faren Jørgen også.

– Korleis var det å jobbe med dottera, ville Indrebø vite. – Eg



LINA KVAMME GJERTSEN: Oldedalsjenta med den flotte stemma. Oldedølene stilte også med eige band med Erling Briksdal som kapellmeister.



VAKKERT: Lina Kvamme Gjertsen imponerte mange tilhøyrarar.



FANTASTISK: Solisten Hildegunn Muri med veninna Julie Ringstad på tangentar. «At Least» ein 80 år gammal jazz/blues-låt av Etta James. Hildegunn var omtrent like god som Billy Holiday.

n i Oldedalen



TELT: Kampen mot værgudane gjorde at dei måtte bryte prinsippet om ein festival i friluft. Det var heilt nødvendig med telt.



VI ER VEL NOK: Arild Hafsås og Dag Indrebø om å våge å by på seg sjølv. Alvorleg tema med ein humoristisk snert.

følte meg som ein border collie som vart kommandert hit og dit, lo Jørgen. – I fjellja skal vi nyte naturen og ikkje mase, humra han. Margreth Olin føya til at ho angra litt på at ho lokka han til å gå i lag med filmteamet over Oldeskaret i ein alder av 84 år. Natta etterpå gjekk ho bort til soveromsdøra for å høyre om han pusta, fortalde ho med eit smil. Men det vart flotte bilde, la ho til.

Norgespremiere i Stryn

Det er BBC og eit tysk og eit fransk selskap som har rettane. Filmen er klar for Norge i 2023 og då blir det norgespremiere i Stryn. Stor applaus frå publikum.

– Vi må berre takka 'na Jørgen og 'ne Magnhild for 'ne Margreth, avslutta Dag Indrebø seansen frå scena.

Heile dalen har stått på for å få i land denne kvelden. Men Lillian

Mykløen fekk ei særdeles takk. Ho har hatt 20 – 30 dugnadspersonar i kosten i mange dagar. Ho er alle stadar. – Ingen Lillian, ingen Gullroten, avslutta Indrebø før Mona Jill Band spela til dans. Unødvendig å føye til at også dansebandet er frå Oldedalen.

BERIT MELHEIM
berit.melheim@fjordingen.no



OLDEDALEN BLANDAKOR: «Du Nordfjord min fagre og fjellsterke heim. «Nasjonalsongen» vår som også blir innleiinga til storfilmen til Margreth Olin.



TAKK LILLIAN: – Ho har vore alle plassar, sa Dag. Ingen Lillian, ingen Gullroten, kort og greitt.



STORFILMEN: – Korleis var det å vere den sentrale personen i filmen til dottera di?, spør Indrebø. – Eg følte meg som ein Border Collie som måtte ta i mot kommandoar heile tida, sa pappa Jørgen.